

## Hei hurra for Ivar Aasen!

*Lurivar sin bursdagssong til Ivar Aasen sin 200-års dag*

Tekst: Hilde Myklebust Melodi: Anna Elise Vadset

### 1. vers

Det finst ein kar eg likar nesten betre enn meg sjølv!  
Vel, vi kan sei det sånn at er eg gjort av gull, er han av sølv.  
Han budde her i tunet sommar, vinter, haust og vår.  
Og tru det eller ei, no har han fylt to hundre år!

### Refreng

Hei hurra for Ivar Aasen, ta eit hopp og ta ein dans!  
Hopp hurra for Ivar Aasen, for dei sneisne orda hans!

### 2. vers

Ikkje alle som kan finne fram eit språk på ein-to-tre.  
Og det gjorde heller ikkje gode Ivar Aasen, dét!  
Men med tålmod, gode sko og i si eiga ruslefart  
fann Ivar fram til alle orda med ein kikert og eit kart

### 3. vers

Ver du viss på at han Ivar var ein fyr som likte ord  
Han samla dei i mange stablar på eit skrivebord  
Så sette han dei saman, han synst også det var kjekt!  
All slags ord som fanst i Noreg, og på all slags dialekt

### 4. vers

Veit du kva det språket heiter som han Ivar laga til?  
Det er nynorsk, det, så klart, mitt favorittspråk – utan tvil!  
Han brukte nynorskorda til å skrive med og slikt,  
og så skreiv han masse bøker fylt av fine vers og dikt

### 5. vers

No forstår du kanskje kvifor Ivar Aasen er min helt?  
Åh, tenk om han levde enno, kor mange ord vi kunne delt..  
Men det finst jo ingen folk som kan bli to hundrede år!  
Uansett så kan vi minnst han med bursdagssongen vår!

### Refreng

Hei hurra for Ivar Aasen, ta eit hopp og ta ein dans!  
Hopp hurra for Ivar Aasen, for dei sneisne orda hans!